



Referat frå kommunemøte torsdag 14. januar 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Haraldsplass DS, fylkeskommunen, Skyss/Kringom.

Ikkje til stades: Gulen og Stryn.

1. Informasjonssaker

Helsedirektoratet sa onsdag dette om situasjonen nasjonalt:

- Smittesituasjonen er framleis ustabil med fare for ny auke.
- Den første leveransen med Moderna-vaksinen kom 12. januar.
- Erfaringar frå dei siste dagane viser stor variasjon i kor vidt tilreisande lar seg teste ved grensepasseringar.
- Det er liten endring i tal på sjukehusinnleggingar.

Ny beredskapsadresse hjå Statsforvaltaren

Fylkesmannen har endra namn til Statsforvaltaren og har fått ny beredskapsadresse: sfvlberedskap@statsforvalteren.no.

Den gamle adressa vil framleis vere gjeldande ei stund til, men vi oppmodar alle om å gå over til å nytte den nye adressa når de sender oss e-post.

Utfordringar med utsending frå DSB-CIM

Som ei følge av endring i e-postadresser og namn hjå oss har vi hatt ein del utfordringar med e-postar som vi sender ut via krisehandteringsverktøyet DSB-CIM. Mange har opplevd at e-post frå oss har hamna i søppelmappa eller blitt stoppa i eit ytre spam-filter. Vi håper og trur at dei største problema er rydda opp i no, men ber om at de har ein låg terskel for å etterspørje informasjon frå oss dersom de skulle sakne det.

(Merknad: vi minner om at referat frå kommunemøta blir [publisert på nettsidene våre](#)).

Veke rapportering

Takk for at de held fram med å rapportere inn status for kritiske kapasitetar kvar veke. Det er viktig for oss å ha oversikt, og det gir mellom anna eit viktig kunnskapsgrunnlag for vår rapportering til DSB og Helsedirektoratet.

Vi veit at det er nokre som har hatt utfordringar med tilgang til rapporteringsskjemaet. Vi beklagar dette og jobbar med å følgje det opp. Fram til vi finn ei løysing på problemet ber vi om at dei det gjeld sender inn rapport i excel-skjemaet som vi har sendt dykk. Vi minner om frist for rapportering: fredagar kl. 12.00.

Ved spørsmål til rapporteringa, kontakt Mari Severinsen (fmsfmse@statsforvalteren.no).



2. Reisande frå utlandet – tiltak for å redusere importsmitte

Regjeringa varsla om skjerpa tiltak på pressekonferanse i går

- Det er eit mål at alle reisande skal teste seg på grensa, Helsedirektoratet vil be alle kommunar med grensepassering om å auke testkapasiteten betydeleg.
- Når testkapasitet er styrka vil regjeringa vurdere å fjerne høvet til å teste seg i reisemålskommunen innan 24 timar etter innreise.
- Oppretting av nasjonalt telefonsenter som skal følgje opp reisande etter innreise, og gjere det lettare for kommunane å kontrollere om reisande har testa seg og gått i karantene. Det er HELFO som har fått oppdraget med å få på plass telefonsenteret.
- På pressekonferansen oppmoda regjeringa kommunane om å ta stikkprøvar for å sjekke om innreisande har tatt koronatest.

Elektronisk reiseregistreringssystem

- Reiseregistreringssystemet er no tilgjengeleg på seks språk (norsk, engelsk, polsk, litauisk, rumensk og russisk). Det blir arbeidd med å få løysinga tilgjengeleg på fleire språk slik at ein kan gå heilt vekk frå papirskjema.
- Hdir har orientert oss om at det m.a. blir sett på moglegheit for å kople det elektroniske reiseregistreringssystemet mot MSIS-labdata, og med smittesporingsverktøy. Det vil kunne gi kommunane eit høve til å sjå om den reisande har vore testa ved grensepasseringa.
- Brukartilgang og opplæring
 - Dersom kommunen ønskjer å få oppretta fleire brukarar i reiseregistreringssystemet, kan dette meldast inn via [skjema på nettsidene våre](#).
 - Svært mange har allereie delteke på opplæring/visning av løysinga. Dersom det er nokon som ikkje har fått gjennomført opplæring eller har spørsmål, ta kontakt med Anne Eide (fmhoacf@statsforvalteren.no).

3. Smittevern på skuleskyss, v/Målfrid Vik Sønstabø, direktør Skyss/Kringom

Innleiing v/Statsforvaltaren: fleire kommunar har gitt uttrykk for at smittevernarbeidet i samband med transport av elevar til og frå skulane har vore utfordrande. Det har t.d. vore peikt på at det vert praktisert andre smittevernreglar på bussen enn på skulen.

Etter kommunemøtet førre torsdag (7. januar) har vi hatt eit møte med Skyss/Kringom. Dei er, som oss, opptekne av at nasjonale retningslinjer og oppfølginga av dei skal vere så presis som mogleg. Dei deltek difor i møtet for å gi ei orientering om temaet.

Sønstabø viste til kontinuerleg oppdatering av smittevernretningslinjer, og ulike retningslinjer for skuleskyss og kollektivtransport. Skuleskyss blir både utført med eigne skulebussar og samordna med ordinære ruter, og det har vore utfordrande med omsyn til ulike retningslinjer. Det er ikkje er nok bussar og sjåførar til at det er praktisk mogleg å auke kapasiteten i all skuleskyss.

Retningslinjene for skuleskyss vart mjuka opp i juni 2020, til at rett til opplæring og skuleskyss går framfor avstandskravet om bord. Dette løyste i stor grad dei kapasitetsutfordringar som har vore.

Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet vart samordna med rettleiar for kollektivtransport 18. november, men dei har ulike formuleringar. Kollektivselskapa arbeider gjennom bransjeforeininga med å få tydeleggjort behov for klare retningslinjer utan rom for tolking.



Statsforvaltaren i Vestland

Skyss/Kringom har ei føremålstenleg tilnærming for å frakte elevane til og frå skulen på ein smittevernmessig trygg måte. Det er mogleg å sitte saman med elev frå same kohort når skulane er sett til raudt nivå. Å sitje saman «kohortvis» gjeld enkeltvis per setegruppe. Ein treng ikkje vere i same kohort som passasjerer framfor, bak eller over midtgangen.

Elevar frå trinn med ulike smittevernnivå kan sitte på same buss, t.d. barne- og ungdomstrinn. Skyss vurderer at elevar på ungdomstrinn og vidaregåande skule sjølv vil vere i stand til å søke å sitte saman med elevar frå same kohort. Sjåførane vil ikkje ha høve til å følgje opp kven som sit saman, det må i så fall løysast på anna vis. Sjåførane har heller ikkje høve til å følgje opp bruk av munnbind der det er anbefalingar eller påbod om.

Skyss har inngått avtale om leige av kommersielle bussar for å styrke kapasitet der det er behov. Det er avgrensa tal tilgjengelege bussar og sjåførar, og ulik geografisk tilgjenge, og det er naudsynt å prioritere den avgrensa ekstrakapasiteten der det trengs mest.


Full buss kan ha fleire forklaringar. Mange elevar trur dei må halde éin meter avstand til alle, og står framfor å nytte tilgjengelege sitteplassar. Dette gir kapasitetsufordringar og risiko for at ikkje alle elevar kjem med bussen. Det er viktig at elevane veit kva retningslinjer som gjeld, slik at faktiske kapasitet kan utnyttast.

Skyss ber om at kommunane gir innspel dersom det er bussavgangar med store kapasitetsufordringar. Det bør formidlast gjennom kommunens kontaktperson for skuleskyss.

4. Epidemiologisk situasjonsrapport

Situasjonen er stabil i Vestland, og er særleg påverka av situasjonen i Bergensområdet. Opp mot halvparten av smitte er importsmitte. Situasjonsrapportane frå FHI blir publisert her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>.

Her er utdrag frå rapporten som gjeld Vestland:





5. Barn og unge

Vi har kontinuerleg blikket på situasjonen til barn og unge. Det er mange grunnar til å vere urolege for konsekvensar av tiltak i pandemien som særleg rårar desse gruppene.

Vi må gjenta og streke under kor viktig det er å prioritere at tenester og arenaer for barn og unge vert haldne opne så langt det er forsvarleg og mogleg. Med dette meiner vi ikkje å seie anna enn det som kjem i dei nasjonale føringane, men føringar er råd. Kommunane må ta utgangspunkt i den konkrete smittesituasjonen lokalt, og vurdere om dei nasjonale råda er relevante eller ikkje, før de tek avgjerd om tiltak i eigen kommune. Dette gjeld alt frå barnehage og skular til helsestasjon og skulehelseteneste. Det gjeld òg t.d. tilgang til NAV-tenester, fritidsaktivitetar og anna.

6. Vaksine

Vaksinering går raskt no og framover. Beredskapslager er bygd opp med tanke på å sikre andre dose til dei som vart vaksinert først. Alle leveransar inn til landet vil bli sendt ut fortløpande til kommunane.

Moderna-vaksinen blei nyleg godkjent, og for to dagar sidan sendte òg AstraZeneca inn søknad til det europeiske legemiddelbyrået EMA om godkjenning på vilkår. Første leveranse av vaksinen frå Moderna (om lag 4 000 dosar) vil bli distribuert til Oslo. Moderna-vaksinen har liknande eigenskapar som den frå Pfizer/BioNTech, men kan lagrast i -20 gradar fram til kommunane. Som hovudregel skal kommunar som får Moderna-vaksinen først få gjere seg ferdig med Pfizer/BioNTech. Det for så langt som mogleg å unngå bruk av to ulike vaksinar samstundes.

FHI minner om at det er viktig å nytte rett SYSVAK-kode og vaksinekode, og rett dato for når vaksinen er gitt.

Vaksinering av helsepersonell

FHI minner om at det er viktig å ikkje nytte meir enn 20 % av vaksinane kommunane får i januar til kritisk helsepersonell, og at det er viktig å halde på dei prioriteringane som gjeld. Kva som skjer med dosane kommunane får etter januar med omsyn til helsepersonell, er enno ikkje bestemt. Pandemiens utvikling vil òg påverke dette.

Vaksinering av offentleg tilsett tannhelsepersonell i fylkeskommunen

FHI sa i møte tysdag at det er kommunane som er ansvarlege for å vaksinere offentleg tannhelsepersonell i sin kommune, ikkje berre helsepersonell som er tilsett i kommunen. Det er stor variasjon mellom kommunane i kva grad tannhelsepersonell blir inkludert, dette såg vi òg ved influensavaksinasjonen. Kommunane vel likevel sjølv korleis dei prioriterer dei ulike gruppene helsepersonell for vaksinering.

Tidspunkt for mottak av vaksiner

Nokre kommunar har spurt om det er mogleg å unngå å få levert vaksinane utanfor normal arbeidstid. FHI har gitt oss tilbakemelding om at det vil vere behov for at kommunane òg er tilgjengelege for mottak av vaksiner utover normal arbeidstid. Dei er klar over at det er mykje press på kommunane, men hovudprioriteringa er å få ut vaksinane så raskt som mogleg. Då vil det i enkelte tilfelle ikkje vere mogleg å få til levering innanfor normal arbeidstid.

Når det gjeld varsel fem dagar før levering til kommunane, har FHI avklart at det er frå beskjeden om tal hetteglas kjem – det er ikkje fem dagar frå ein får tilsendt køyreplan. FHI skal prøve å få ut køyreplanane så tidleg som mogleg.



Fortynning og opptrekk Comirnaty

FHI har utarbeidd ein ganske detaljert prosedyre i samråd med sjukehusapoteka og eigne hygieneeksperter. Prosedyren skildrar korleis ein på ein sikker måte kan utnytte vaksinevolumet i hetteglaset best mogleg. [Prosedyrer finnast i Vaksinasjonsrettleiarens kapittel om koronavaksine, under beskrivinga av vaksinen](#). Det er mellom anna skildra to alternative metodar for opptrekk av dosar ved byte av kanyl. Begge metodar skal sikre ei dose på 0,3 ml, og avvik litt frå tidlegare prosedyre til FHI. Endringa utløyser ingen tiltak dersom ein har følgd tidlegare prosedyrar for opptrekk.

Det europeiske legemiddelbyrået (EMA) har no godkjent at vaksinen Comirnaty inneheld seks dosar per hetteglas. Tal dosar er godkjent med ein del atterhald om riktig teknikk for opptrekk, og utstyr som minimerer svinn av vaksineløysing ved opptrekk og injeksjon. Endringa i preparatomtalen er også innarbeidd i den nye detaljerte prosedyren for fortynning og opptrekk. Nærare skildring kan finnast i preparatomtalen til vaksinen på EMAs nettsider og på Legemiddelverkets nettsider.

Fastlegar i andre kommunar enn bustadkommunen

Det går føre seg eit samarbeid mellom FHI, Hdir og KS om korleis koordinere vaksinasjon av innbyggjarar som bur i ein kommune og har fastlege i ein annan. Hdir og FHI har sendt eit notat på høyring til KS og eit utval fastlegar, med høyringsfrist i morgon. Der ber dei om innspel til korleis dette best kan løysast. Førebels er det mest sannsynlege alternativet at fastlegane lagar lister og formidlar dei vidare til bustadkommunane. Vi vidareformidlar informasjon så snart det ligg føre.

Massevaksinasjon

FHI presiserte i eit møte denne veka at massevaksinasjon ikkje vert rekna som arrangement, og det er såleis ikkje er ei juridisk grense for kor mange som kan møte samstundes. Massevaksinasjonen må gjennomførast på ein måte som tek omsyn til smittevern og kapasitet.

Taksting

Det er fastsett takstar som kan brukast av fastlegar og av deira hjelpepersonell, når kommunen ber dei om å utføre vaksinasjonsarbeid på sine listepasientar. Det er kommunane som er ansvarlege for å organisere vaksinasjonsarbeidet. Kommunane er også finansieringsansvarlege. Dei får rammetilskot frå staten for vaksineringa, og vil motta faktura frå Helfo for refusjonane utbetalt frå Helfo til deira fastlegar, jf. [§ 6c i forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram](#).

Kommunalt vaksinasjonsarbeid utført utanom fastlegeordninga, for eksempel vaksineringsavtale for bebuarane på sjukeheim, skal det ikkje sendast krav til Helfo for.

Spørsmål om bruk av tvang

Vi har spurt Helsedirektoratet om kva dei tenkjer med omsyn til bruk av tvang ved vaksineringsavtale der det ikkje ligg føre samtykkekompetanse. Dei gav eit førebels svar i møtet i går. Det er òg i samsvar med vurderingane vi har gjort internt i embetet tidlegare i veka. Hdir vil likevel følgje opp dette nærmare med eit skriftleg svar. Førebels vert det vurdert slik:

Vaksinasjon er å rekne som helsehjelp, og når det ikkje ligg føre samtykkekompetanse er det pasient- og brukarrettighetsloven (pbrl.) § 4-6 og evt. kap. 4 A som skal brukast, avhengig av om pasienten viser motstand eller ikkje.

Etter § 4-6 kan den som gir helsehjelp ta avgjersle som inneber alvorleg inngrep for pasient utan samtykkekompetanse, viss det er i pasientens interesse og det er sannsynleg at



Statsforvaltaren i Vestland

pasienten ville ha tillate slik hjelp. Pårørande skal, viss mogleg, spørjast om kva pasienten ville ønskt, og dette skal førast i journal. Anna helsepersonell skal involverast før slik avgjerd.

Helsehjelp etter pbrl. § 4-6 kan ikkje gis viss pasienten motset seg dette. Då må det gjerast vedtak med heimel i pbrl. kap. 4 A, så lenge vilkåra for dette er oppfylt.

Som nemnt, vil Hdir kome tilbake med ei fortolking kring tvang og vaksinasjon mot covid-19.

7. Smittestopp-app

Det er om lag 400 000 som har lasta ned smittestopp-appen. Per i dag har 300 personar registrert påvist smitte i løysinga. FHI oppmodar om at alle aktørar bidreg til å informere om app'en for å få fleire til å ta den i bruk.

8. Informasjon frå Helsedirektoratet

- Det er sett inn mange nasjonale tiltak for å avgrense smitte. Framover vil det bli større merksemd på etterleving av tiltaka i befolkninga, og det er ei forventning til kommunane om at dei i samarbeid med politiet i større grad vil følge opp personar som ikkje følgjer reglane.
- Helsedirektoratet sa òg at kommunane må sikre at fleire enn kommunelegane får ansvar for nye oppgåver knytt til handteringa av pandemien. Direktoratet snakkar med KS om korleis ein best skal ivareta arbeidssituasjonen for kommunelegane, og det vert jobba med eit felles notat kring dette.

9. Ymse

Helse Bergen v/adm.direktør Eivind Hansen

Viste til medieoppslag i Bergens Tidende om smitteutbrot på Haukeland. Alle skal vere trygge på at Haukeland har kontroll på situasjonen som har vore omtalt, og at det er trygt for pasientar å komme til sjukehuset. Situasjonen har ikkje gått ut over pasientar eller behandlingstilbod.